

Opera Bergen

Dato: 21.12.2016
Vår ref.: 2016/671-41
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.:

Att. Kristin Knudsen

Ang motteke søknader frå Opera Bergen

Vi har motteke tre søknader frå dykk:

9. desember: Opera Bergen - treårig basisfinansiering

9. desember: søknad om støtte til sommeropera

10. desember: søknad om støtte til Rimskij-Korsakovs "Den usynlige byen" i Sentralbadet

Når det gjeld driftsstøtte for kommande år gjekk fristen for å søke dette ut våren 2016. Det vert også vist til gjeldande vedtak i fylkestinget som ligg til grunn for at *driftstilskudd* til profesjonell operaproduksjon i regionen skal gå til Bergen Nasjonale Opera.

Hordaland fylkeskommune handsamar berre søknader innan definerte stønadsordningar, og det visast til våre nettsider [hordaland.no](http://www.hordaland.no) for informasjon om desse. De er velkomne til å sende nye, nettbaserte søknader om de skulle finne at dykkar prosjekt passer inn i forhold til retningslinene. Dei allereie innsendte søknadane kan då leggest som vedlegg til den nettbaserte.

Oversikt over søknadsordningar: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/>

Denne ordninga med søknadsfrist 1. mars kan t.d. vere aktuell for dykkar prosjekt :

<http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-storre-kulturprosjekt-med-regional-verdi/>

Søknad om støtte til drift 2018, søknadsfrist 1.april 2017: <http://www.hordaland.no/nn-NO/kultur/kunst--og-kulturutvikling/driftstotte-til-kunst-kultur-og-idrett/>

Vi gjer merksam på at det kan verte nokon revideringar i ordningar etter gjennomgang og evt nye politiske vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 18.januar.

Per Morten Ekerhovd
Kst fylkesdirektør kultur og idrett

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.